



Eit hjartevarmt og vakkert arrangement.

Eit nydeleg lyspynta område og englevertar som delte ut fyrstikker til å tenne lys, og lappar og blyantar til å skrive himmelbrev, møtte dei frammøtte då dei kom til Hjartefred-arrangementet ved paviljongen i Husnesparken. Det gav den gode og fine kjensla med same ein nærma seg området. Det var godt å vera der!



Atle Fredheim var aktiv både som artist og lys- og lydmeister.

Vi fekk også oppleve eit program i særklasse. Ein av dei tilstadeverande sa etter arrangementet at det fortente 17 på ein skala frå 1 til 10. Godt sagt! Programmet var svært godt samansett. Og frå eldsjel Hilde Lande Eikeland ønskte velkommen og 10 år gamle Viktoria Håvik Pedersen les Vinje sitt dikt 'Den dag kjem aldri at eg deg gløymer' så flott, kom dei hjartevarme og gode innslaga som perler som ei snor.

Atle Fredheim var først ute i eitt av dei mange gode song- og musikkinnslaga, då han framførte Clapton-klassikaren 'Tears of heaven'. Også dei to dyktige artistane Kjerstin G. Jansson og Renate Haugs gav publikum flotte innslag. Per Lande, far til eldsjel Hilde, hadde eit kjenslevekkjande innslag der han fortalde om kor vanskeleg han følte det då han miste si fantastiske kone av kreftsjukdom og vart åleine med tre born der minstejenta Hilde berre var 3 år. Han klarte å snu fortvilelsen til noko positivt. Deretter møtte han si nye kone som var blitt enkje, og som også hadde tre born. Resultatet vart eit lukkeleg og godt familieliv for familien på 8. Han avslutta innslaget med å spela tre flotte nummer på saksofon.



[Per Lande hadde eit kjenslevekkjande og flott progaminnslag.](#)

Renate Koløy framførte diktet 'Kjære' som ei anna eldsjel Inger Helen Hardeland Hjelmeland hadde omsett frå svensk. Inger Helen har vore med i Hjartefred-arbeidet i Kvinnherad frå første arrangementet i 2010. Det unge dansetalentet Ingebjørg Røssland framførte eit flott dansenummer. Imponerende og fint var det på den opplyste plenen ved sida av paviljongen. Avslutningsnummeret ser ut til ha vorte ein tradisjon. Det forstår vi godt! Heilt fantastisk var det å høyra Lina Håland framføra 'Gabriellas sång' i det fine, kalde veret under den klare novemberhimmelen akkompagnert av ei tangentspelende Marit Lindekleiv. Då to store kvite hjarteballongar steig mot himmelen etterfulgt av mange raude i lyset frå lyskastarane, var det ein fullkommen slutt på det gode og velregiserte programmet. Og lysmeistrane gjorde ein god jobb under heile programmet. Torbjørn Storegjerde og Atle Fredheim hadde den viktige jobben i tillegg til lyd. Den vakre pyntinga var nok mange saman om, men vi nemner likevel den dyktige 'konsulenten' Mette Friheim.

Arrangørane var svært fornøgde. Dei skapte ei svært god stund for dei mange frammøtte, og neste år anbefaler eg endå fleire å ta turen.



Renate Koløy framførte diktet Kjære.



[Lina Håland imponerte i år som i fjor med framføringa si av Gabriellas sång.](#)

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland